


Hedmark Senterungdom
v/ Torbjørn H. Kornstad
Kommerstadvegen 60
2380 BRUMUNDDAL



Nærings- og handelsdepartementet
P.b. 8014 Dep
0030 OSLO

Veldre, 21/2-07

HØYRINGSFRÅSEGN OM TENESTEDIREKTIVET

Hedmark Senterungdom stiller seg skeptiske til å innføre tenestedirektivet i Noreg. Direktivet slik det ligg føre no er svært uklart formulert, og det er vanskeleg å seie kva for nokre konsekvensar det vil få for norsk arbeidsliv. Den korte frista for høyringa og den manglande breie konsekvensutreiinga er heilt feil framgongsmåte. Ut i frå føre var-prinsippet er det viktig å få alle kort på bordet før ein innfører eit slikt direktiv. Det er ikkje tilfellet slik saksonggen er lagt opp no.

Vi veit lite om tenestedirektivet no, men vi veit allereie at det kjem til å føre med seg fleire negative konsekvensar. Opprinningslandsprinsippet i direkte form er teke ut av direktivet, men det ligg framleis inne gjennom uklåre, byråkratiske formuleringar. Dette prinsippet vil svært truleg føre til sosial dumping og at aust-europearar kjem til å jobbe under endå dårlegare tilhøve i Noreg. Ei auke i utanlandske selskap som etablerer seg i Noreg vil undergrave den norske lærlingeordninga, sia dei ikkje kan påleggast å ta inn lærlingar.

Hedmark Senterungdom krever at det skal gjennomførast ei brei konsekvensutreiing av tenestedirektivet slik det ligg føre. For å ta stilling til direktivet må vi vite kva konsekvensane av det vil bli!

Signert /s/
Torbjørn H. Kornstad
Leiar i Hedmark Senterungdom